



MOTTATT
- 4 NOV 2010

Sakshandsamar:

Inge Horstad
E-post: Inge.Horstad@sfj.no
Tlf: 911 76 669

Vår ref.

Sak nr.: 10/3653-17
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

29107/10

Dykkar ref.

10/430-ANE

Dato

LEIKANGER, 01.11.2010

Det Kongelige Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Anbud på regionale ruteflygingar i Noreg frå 1. april 2012 - Høyringsuttale

Viser til brev datert 4.juni 2010 – *Anbud på regionale ruteflyginger i Norge fra 1.april 2012 – Høring.* Saka har vore drøfta i hovudutval for samferdsel 26.oktober 2010 og skal vidare til handsaming i fylkesutvalet 10.november.

Vi sender med dette over saksutgreiinga og vedtak frå samferdsleutvalet. Endeleg vedtak i fylkesutvalet vert ettersendt.

Hovudutval for samferdsle gjorde i møte 26.10.2010 slikt vedtak i saksnr 67/10.


Hovudutval for samferdsel rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkesutvalet viser til at fylkestinget i Sogn og Fjordane har vedteke at dei 4 flyplassane i fylket skal oppretthaldast. Flyrutene i Sogn og Fjordane er viktig for å sikre eit konkurransedyktig næringsliv og eit velfungerande samfunn
- 2 Tilliks med dei andre lufthamnene i fylket bør Sogndal lufthamn få eit nattstasjonert fly.
- 3 Trafikken på alle lufthamnene har auka. Kapasiteten på fleire flyruter er pressa. Spesielt gjeld dette Sogndal lufthamn. Det er behov for fleire direkte ruter mot Oslo om morgonen og frå Oslo om kvelden.
- 4 Rutene frå Bergen på ettermiddag må styrkast.
- 5 Det har over tid vore arbeidd med betre flytilbod til Møre og Romsdal. Grunna oljerelatert verksemd og næringslivet sine behov, krev Sogn og Fjordane fylkeskommune flyruter mellom Florø og Kristiansund.
- 6 Det er viktig at flyselskapet som opererar Florø, held lik kapasitet heile året, og ikkje reduserar kapasiteten/tilbodet i sommarmånadane.
- 7 Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer gjennomgåande billettering og bagasjebehandling på alle flyplassane i fylket uavhengig av operatør.
- 8 Betjening på alle fly som går i Sogn og Fjordane må kunne gjere seg forstått på eit skandinavisk språk.



- 9 Billettprisen på flyrutene må harmoniserast med prisnivået på kommersielle ruter. Sogn og Fjordane krev vesentleg reduserte billettprisar jmf. ordning i Finnmark.
- 10 Utvikling av lufthamnene til 1200 meter må greiast ut. Dette må sjåast i samheng med betra konkurransesituasjon på leverandørsida i framtidige anbodsrunder.
- 11 Involverte fylkeskommunar må sikrast tilgang til oppdaterte og nyanserte statistikkar over passasjerstraumane i arbeidet med evaluering og utlysing av nye anbod.
- 12 Fylkesutvalet viser til at fylkestinget i strategiplan for samferdsle har vedteke å arbeide for ettermiddagsfly til Oslo på laurdagar.

Med helsing



Inge Horstad
rådgjevar

- Vedlegg:
1. Sak 67/10
 2. Saksprotokoll
 3. Innkomne innspel